

**Referat**  
**Årsmøte i Notodden Historielag**  
**Telemark Kunstmuseum 5. mars 2024**

17 personar hadde møtt fram på årsmøtet.

Leiar John Einar Oterholt ønskte velkommen.  
Innkalling og saksliste blei godkjent utan merknader.

Ragnhild Kaste Kaasa blei valgt til møteleiar og Svein Bakkalia til referent.  
Til å underskrive protokollen blei valgt Willy Lien og Kjell Lia.

Saker til behandling:

- 1) **Årsmelding:** Leiar John Einar Oterholt las årsmeldinga som blei godkjent utan merknader.
- 2) **Rekneskap:** Kasserar Ole Arvid Vassbotten gjekk gjennom rekneskapan for 2024.  
Kommentarar: Eit ryddig rekneskap. Historielaget har ein solid økonomi.  
Rekneskapan er revidert 11.2.2025 av Astrid Granlund og Gunvor Prestårhus og blei einstemmig godkjent.
- 3) **Budsjett:** Ole Arvid Vassbotten la fram styret sitt forslag til budsjett for 2025.  
Kommentarar: Det blei oppfordra til å bruke ein større sum til møter og arrangement og til å overføre ein større sum frå driftskonto til sparekonto med høgare rente. Det blei også reist spørsmål om antal medlemar kan aukast ved å purre på ubetalt kontingent på facebook og på nettsida. Årskriftet bør ikkje sendast ut gratis til medlemar som ikkje har betalt medlemskontingent.  
Styrets forslag til budsjett blei einstemmig vedtatt.
- 4) **Innkome forslag:** Det var 5 forslag til behandling.

Forslag 1: Medlemskontingenten foreslås å øke fra kr 250 til kr 300 for vanlig medlem og fra kr 275 til kr 350 for familie.

Forslag frå Frode Austad.

Styrets innstilling: Enstemmig vedtatt. Styret legger til grunn generelt økte kostnader, både rundt trykking, porto og ellers driften av laget.

Kommentar: Det kan vere gunstig for verving av nye medlemmar at prisen på årboka og kontingenten for enkeltmedlemskap er lik.

Forslag 1 blei einstemmig vedtatt.

Forslag 2: Det foreslås å gå ned på antall revisorer. Fra 2, som er det laget opererer med i dag, til 1.

Forslag frå John Einar Oterholt.

Styrets innstilling: Enstemmig vedtatt. Styret legger til grunn at det kun er krav til å ha 1.

Forslag 2 blei einstemmig vedtatt utan kommentarar.

Forslag 3: *Det foreslås å ha inn arbeidsplan som fast punkt på Årsmøtets sakliste.*

Forslag frå Trond Aasland.

Styrets innstilling: Enstemmig vedtatt. Styret legger til grunn at det er en god ide å synleggjøre hva vi har for planer fram til neste årsmøte.

Kommentar: Forslagstiller grunn gav forslaget med behov for ein diskusjon og plan for dei viktigaste sakene i styret og ei prioritering av arbeidet i perioden.

Forslag 3 blei einstemmig vedtatt.

Forslag 4: Endring av historielagets lover.

1. *Årsmøtet skal avholdes innen 15. mars.*

2. *Innkalling til årsmøtet skal sendes ut minst 3 uker før.*

3. *Innkomne forslag må være styret i hende senest 2 uker før årsmøtet.*

Forslag frå styret.

Kommentar: Dette er ei endring av innkallinga til årsmøtet frå 14 dagar til 3 veker og eit nytt pkt med frist for innkomne forslag.

Forslag om endring av historielagets lover krev 2/3 fleirtal.

Forslag 4 blei einstemmig vedtatt.

Forslag 5: Endring av historielagets lover.

1. *Styret skal ha 2 styremedlemmer (uten spesielle funksjoner), i stedet for 1 som nå.*

2. *Årsskriftkomite bestående av minst 4 medlemmer, valgt for 1 år. Samt en representant valgt av styret.*

3. *Kjøkkenkomite bestående av minst 2 medlemmer, valgt for 2 år. (stryke «to valgt for to år og en valgt for ett år»).*

4. *Husstyret endrer navn til Huskomite, og består av 2 medlemmer valgt for 2 år.*

*Dessuten en representant fra kommunen.*

5. *Antall revisorer endres fra 2 til 1.*

Forslag frå valgkomiteen.

Styrets innstilling: Styret sier seg enig i forslaget.

Kommentarer: Det blei presisert at antal medlemmar i årsskriftkomiteen og kjøkkenkomiteen er eit minimum. Det er sjølvsagt lov til å ha fleire. Det er heller ingen god grunn eller krav til å ha meir enn 1 revisor.

Forslag om endring av historielagets lover krev 2/3 fleirtal.

Forslag 5 blei einstemmig vedtatt.

5) **Valg:** Medlemar i valgkomiteen har vore Ragnhild Kaste Kaasa, Magne Tveit og Svein Bakkalia.

Valgkomiteens innstilling er gjort med justering av valgperiodane, slik at om lag halvparten av verva er på valg til årsmøta heretter.



<b>Leiar:</b>	John Einar Oterholt (1 år)
<b>Nestleiar</b>	Ole Arvid Vassbotten (2 år)
<b>Sekretær:</b>	Arnulf Liane (2 år)
<b>Kasserer:</b>	Ole Arvid Vassbotten (2 år)
<b>Styremedlem:</b>	Kjell Lia (1 år)
<b>Styremedlem:</b>	Frode Austad (ikkje på valg)
<b>Vara styremedlem:</b>	Asbjørn Moen (1 år)
<b>Vara styremedlem:</b>	Ingebjørg Øya (1 år)
<b>Revisor:</b>	Astrid Granlund (2 år)
<b>Kjøkkengruppe:</b>	Ingebjørg Øya (ikkje på valg) Anlaug Hagen (ikkje på valg)
<b>Huskomité:</b>	Kjell Lia (2 år) Ole Arvid Vassbotten (1 år) Sindre Fiskerstrand (representant for Notodden kommune)
<b>Årsskriftkomité:</b>	Terje Arnesen Trond Aasland Guro Nordby Anne Haugen Wagn Karl Christian Alvestad (Styrets representant blir valgt av styret)


Alle medlemmar av årsskriftkomiteen er valgt for 1 år.  
Etter diskusjon om årsmøtet skulle oppnemne redaktør blei dette vedtaket gjort einstemmig: Årsskriftkomiteen konstituerer seg sjølv og oppnemner redaktør.


**Valgkomite:** Magne Tveit (ikkje på valg)  
Svein Bakkalia (ikkje på valg)  
Ragnhild Kaste Kaasa (2 år)

Før årsmøtet blei det servert vaflar og kaffi. Etter møtet viste Helge Andersson lysbilde. Ei engasjert forsamling kommenterte ivrig bilda frå nedre bydel i gamle Notodden.

Referent: Svein Bakkalia (sign)

Protokollen er godkjent av:

  
\_\_\_\_\_  
Willy Lieh

  
\_\_\_\_\_  
Kjell Lia